



# Hardangerrådet

DET KONGELIGE OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT  
Energi- og vassdragsavdelingen  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 / 2351 - 20	
DATO	28 JAN. 2003
AN	EKS.
501 ✓	

Kinsarvik 27.01.03

## Høyringssak – endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova.

Viser til brev av 29.11.02 med vedlagt "Framlegg til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova" med høyringsfrist 28.02.03.

Hardangerrådet er regionråd for kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik i Hordaland.

Hardangerrådet har fått kunnskap om saka gjennom KS. Regionrådet ser svært alvorleg på framlegget til lovendringar og har handsama høyringsutkastet i møtet 24.01.03.

Hardangerrådet gir slik uttale:

1. *Høyringsinstansane omfattar ikkje kommunane, men alvoret i saka tilseier at kommunane må gi uttale og at også regionrådet i Hardanger uttalar seg. Kopi vert sendt til Kommunenes Sentralforbund.*
2. *Høyringsfristen er den kortast lovlege og medfører uforsvarleg kort tid til grundig sakshandsaming av innhaldet i høyringa i kommunane.*
3. *Dei store konsekvensane utkastet har for det norske samfunnet, tilseier at det vert oppretta eige lovutval, som grundig vurderer alle sider ved aktuelle lovendringar. Hardangerrådet meiner at KS sin "Transaksjonsmodell" må vera ein del av vurderinga som eit lovutval skal gjera.*
4. *Hardangerrådet meiner at konsekvensane av endring av heimfallsreglane vert ei formuesoverføring frå kommunar til staten, og at dette ikkje er rimeleg med bakgrunn i korleis desse verdiane vert skapte.*

Hardangerrådet oversender med dette særutskrift av saksutgreiing og vedtak.

Med helsing

John Skogseth/s  
Rådsordførar

Leiv Vambheim  
dagleg leiar

Kopi til Kommuenes Sentralforbund

Hardangerrådet – 5780 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51  
FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 8426.05.05318



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



KVAM  
HERAD



ODDA  
KOMMUNE



ULLENVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD